

DYRELIV



På besøk hos vipene

TRUGA ART: Vipa er ein kjent figur for alle som tidvis oppheld seg i norsk utmark. No blir fuglearten portrettert i ei ny bok kor forfattaren mellom anna går i djupna på ulike grunnar til at arten er truga.

Foto: Gaute Grønstøl

VIPA ER EIN KJENT FIGUR FOR ALLE SOM TIDVIS OPPHELD SEG I NORSK UTMARK. NO BLIR FUGLEARTEN PORTRETTERT I EI NY BOK.

✍ Kjell Åsmund Sunde / NPK ✉ redaksjonen@dagen.no

– Eg har mange feltsesongar bak meg, kor eg har undersøkt ein del problemstillingar knytt til vipa. Etter kvart som åra har gått har eg tenkt meir og meir at det kunne vere på sin plass å samanfatta litt, fortel forfattar og biolog Gaute Grønstøl til Nynorsk pressekontor.

Han er no aktuell med boka Vipa. – kamp og kurtise i kulturmarka kor han nettopp samanfattar alt han har lært om vipa dei nesten 15 åra han har arbeidd med fuglen.

– Mykje av materialet i boka er tilgjengeleg i vitskapelege artiklar, men desse artiklane er nok vanskeleg tilgjengeleg for folk flest, seier Grønstøl.

SAMHANDLING

Forteljinga til Grønstøl kan på mange måtar seiast å vere eit innblikk i alle aspekt av livet til vipa. Som lesar får vi unike innblikk i både paringsritual, reirbygging og sosiale strukturar.

– For meg er nok det mest fascinerande med vipa alle samhandlingane dei har seg imellom. Det at det i mange tilfelle verkar som dei har dei same problema og gledene som vi har, fortel Grønstøl.

I boka skildrar han mellom anna gleder og frustrasjon i paringstida. På eit tidspunkt skildrar han frustrasjonen ei hann-vipe kjenner på når den ikkje finn ei hoe å pare seg med. Hannen endar opp

● **For meg er nok det mest fascinerande med vipa alle samhandlingane dei har seg imellom.**

Gaute Grønstøl

med å pare seg med ei grastue.

– Gjennom ein sesong går dei gjennom både gode og dårlege periodar. Dei synes stundom sinte og andre gonger nøgde. Kommunikasjonen dei har seg imellom syns eg er spennande å tolke, fortel forfattar Grønstøl.

TRUGA ART

Dei siste 20-30 åra har det vore ein dramatisk nedgang i talet på vipen. Arten raudlista og har sidan 2015 hatt status som sterkt truga i Noreg, og eit ekspertpanel har nyleg tilrådd at denne statusen bør endrast til kritisk trua. Ifølgje Grønstøl er det mange faktorar som påverkar bestanden negativt.

– Intensiveringa i jordbruket er truleg største negative faktor. Det er for mykje aktivitet på norske jorde for vipene. Vegetasjonen blir for hurtigveksande. Reira til vipene, som typisk ligg på eit jorde, ryk gjerne før eggja rekk å klekke, fortel Grønstøl.

I tillegg peikar Grønstøl på be-

standsauke i artane som tar vipeegg.

– Høge tal på eggrovande vilt kan bety store reirtap for vipene og mange andre artar. No er det til dømes mykje rev ein del stadar og det slår negativt ut for nokre vipebestandar, slår Grønstøl fast.

I boka viser også Grønstøl til at vipene beskyttar både egne og andre sine reir frå fiendar. Når talet på vipen går ned får det òg konsekvensar for andre fugleartar.

– Det at det blir færre vipen påverkar òg talet på andre fugleartar, som hekkar i dei same miljøa, negativt. Vipene har eit aggressivt reirforsvar og har difor ei rolle som vaktbikkje for ein del andre fugleartar, fortel han.

TIPS TIL AMATØREN

Grønstøl avsluttar intervjuet med Nynorsk pressekontor med å komme med nokre enkle tips til den glade amatør som ønskjer å oppleve vipa på nært hald.

– Det beste tipset er å sitte i skjul



BIOLOG: Forfattar og biolog Gaute Grønstøl. Foto: Kjell Åsmund Sunde/ Nynorsk pressekontor

ein stad, gjerne på ei høgde med god oversikt over eit jorde. Skjulestaden kan godt vere i ein bil. Ein bør prøve å finne ein veg med lite trafikk og sjølvstøtt avklare med bonden på førehand, avsluttar Grønstøl.